

# Norske ord og norsk ordleiding:

## *Slag og type*

*Sverre Stausland Johnsen*

### Ordsogo

I norsk er namnordet *slag* lagat til segnordet *slå*. Ifrå gamalt tyder *slag* både ‘det å slå’ og ‘det han fær frå å slå’. Det fyrsta kallar me eit *verkord*, og det andra eit *tingord*. Det er ikkje allstødt råd å draga eit greidt skil millom dei tvo greinerna (Torp, 1909 s. xxx–xxxii). Døme på verkordet *slag* hev me i ord som *nevaslag* og *hamarslag*, og døme på tingordet *slag* i ord som *hovslag* og *råslag* (Aasen, 1873; Ross, 1895). Ord som *klokkoslag* ligg nokot imillom verkord og tingord.

På norsk kann me laga ting frå å «slå» deim. Me kann *slå eld*, *slå naglar* og *slå mynt*. Når ein myntar, då slær dei ulike merke på mynti, alt etter kvat verde ho hev, kvat stad elder land ho er myntad i, kvat tid ho vart slegi, kven kongen er, og so burtetter. Ikkje på norsk, men på lågtydsk, sagde dei då at dei ulike mynterna hadde ulike *slag*. Frå slik ordlegging kom ordet *slag* til å vida ut tydingi si på lågtydsk til å verta eit ålment ord fyre ‘gjerd, lag, hått’ (J. Grimm og W. Grimm, 1854–1954). Denne utvidade tydingi kjenner me ikkje frå gamalnorsk tid, men ho hev breidt ovlega um seg etter det frå lågtydsk til dei norderlenske måli (Falk og Torp, 1910–11 s. 1052; Hellquist, 1948 s. 983).

Heilt upp det sama gjeld ordet *type*. Upphavsmålet fyre detta ordet er græsk, der namnordet *τύπος* tyder ‘slag’, lagat til segnordet *τύπτω* ‘eg slær’. Som på lågtydsk hev ordet vidat ut tydingi si til å femna um ‘merke; gjerd’ og dilikt (Liddell og Scott, 1996). Ulikt ordet *slag* hev *type* ikkje voret vanlegt i norsk, og det er nemnt korkje hjå Aasen elder Ross. Dei som hev skrivet norsk etter gamlegjerdi, hev di oftaste skrivet *slag*. Av den grunn skal eg samna meg mest um *slag* i det som kjem.

---

Takk til Thorgeir Holm og Anders Olsen Søyseth som las igjennom.

Då hev me fenget frå lågtydsk den ordleidingi at me talar um *fiskaslag* og *treslag*, at folk er av *hanslag* elder *hoslag* som det kann vera godt *slag* i og som høyrer til ulike *folkaslag*. Me kann au brjota upp samansetningi og snu på ordi, so at ei skrækja og ei snekkja ikkje berre er eit *andarlag* og eit *båtslag*, men dei er au *eit slag and* og *eit slag båt*. Næsta stiget er at *slag* i soverne ordlag kann få den verknaden at det brøyter og vikar på ordet som stend etter, som når ein segjer at einkvar er *eit slag broder* fyre meg elder at Ivar Aasen er *eit slag gud*. Detta tyder ikkje at mannen røynelega er broderen vår elder at Aasen høyrer til gudaætti, men at dei ter seg dilikt elder svipar på det. Sidsta stiget i denne voksteren er når det gamla eigofallsskapet *slags* ter seg likt eit lagord, so at me gjeng frå å segja *eit slag and* og *eit slag båt* til *ei slags and* og *ein slags båt*.

Det er å ganga nokot langt å kalla desse ordleggingarne fyre unorska, når me veit kor gamla og utbreidda dei er i dei norske målføri. Og det hadde boret reint av um me skulde meinka ordet alt rom i det norske skriftmålet. Lika fullt hadde målet batnat um me kunde brjota i ordleidingi og ymsa henne med andre norske ordlag. Annars kann det verta fælt myket «slag» i eit lesestykke. Nedanfyre skal eg lyfta fram ymse norske ord og ordlag som kann setjast i staden fyre detta tyska *slag*.

## Kynd og kyn

Eit engelskt ord fyre *slag* alle kjenner til i dag, er *kind*. Sama ordet finst på norsk au, og heiter *kynd*. Det var radt detta ordet Ivar Aasen lyfte fram til det ålmenna norska ordet fyre *slag*. I boki si *Heimsyn* nøyter han detta ordet myket. Der skriv han um *steinkynder*, *jordkynder*, *voksterkynder* og *dyrkynder* (1875). Alt ulikt som høyrer til skaparverket, er med di *kynder*. I dag kallar dei fleste detta fyre *art*, eit annat unorskt ord.

Både folk og fe er lagade på tvo viser; det er ein han og ei hoa. Då Aasen granskade det norske målet, var det mest vanlegt å kalla detta skilet fyre *slag*. Folk var av *hanslag* og *hoslag*, elder *han/ho av slaget* (Aasen, 1873). Eit annat norsk ord fyre det sama var *kyn*. I dag er det det mest sagda ordet, og det kjem av at det er detta ordet dei hev på norsk-dansk au. Men det er inkje galet i å få inngjevnad frå dansk, for det er eit godt norderlendskt mål au. På dansk hev dei nøytt *kyn* meir en på norsk, og i gamal nydansk hev dei havt ord som *tonekøn* og *klangkøn* fyre det dei kallar *toneskala* og *toneart* no (Juul-Jensen, 1919–56).

## Folk, dyr og vokstrar

Me talar gjerna um ulike *folkaslag*. Når det viser til eit folk med sama mål, bragd og saga, då kallar me det med eit boklegt ord fyre ei *tjod*, elder

med eit endå greidare ord berre fyre eit *folk*. Nordmenn er ei tjod og engelsmenn er ei onnor tjod, elder me kann segja at nordmenn er eitt folk og finnarne eit annat folk. Når me skifter inn folk i større flokkar, som norderlendingar og samtydskar (germanarar), då kallar me deim *folkaætter*, *folkaferder* elder *folkaføre*. Den største fylkingi av menn er ei *folkagrein*. Som visi er, fylkjer me oss etter hamliten og talar um den kvite mannen, den svarte mannen, den gule mannen, og so burtetter. Dei er alle greiner av mannaætti.

Dyr vert bæste i ætter og greiner òg, men fyre dyr segjer me *slag* helst um avbrigdi av sama kyndi. Med di femner ordet *saudslag* um dyr som *kvitsaud*, *spølsaud*, *dalasaud* og *rygjasaud*. I dag segjer dei fleste *rase* um slike avbrigde, men det er eit endå nyare og unorskare ord en *slag*. Det som sermerkjer ord som *saudslag*, *buslag*, *geitslag*, *grisaslag*, *hestaslag* og *hundaslag*, er at alle desse dyrkynderna er husdyr og gardsdyr. Avbrigde av slike dyr er nokot folk *el* seg til, og difyre kallar me desse avbrigdi med eit gamalt norskt ord fyre *elde*. Då er hundarne *smalahund* og *elghund* tvau ulike *elde* av hundakyndi. At *elde* burde vera det norska avløysarordet fyre norsk-dansk *rase* i denne samanhengen, slo Christian Vidsteen på alt i 1907. På norsk er ordet *elde* ihopblandat med ordet *edle*, so at dei tvau ordi tyder det sama i dag.

Når me talar um ville dyr og vokstrar, segjer me *kynd*, som det vart skrivet um ovanfyre. Me talar ikkje um *rasar* når det gjeld vilt kvikende, so difyre segjer me ikkje *elde* um deim helder. Ville grasvokstrar kallar me di *graskynder*, so som Aasen gjerer i *Heimsyn*. Men radt som med dyr hev folk økslat vokstrar sjølve. Avbrigde av sovoren grode kallar me ikkje *elde*, men *sæde*, sidan groden er *sådd*. Med di er *bygg* eitt *kornsæde* og *rug* eit annat. Upphavlega tyder *sæde* 'det ein sår', det er fræi. Men her hev tydingi vidat seg ut til å femna um 'vokstren fræi kjem frå' (Aasen, 1873). Eg hev ikkje høyrte *sæde* um annat en korn i denne samanhengen, men det er inkje som ligg i vegen fyre at me kann tala um at sumareple og vettereple er tvau ulike *eplesæde*.

## Jord og merke

Jorddyrking er det som hev haldet liv i nordmennerne i mange hundrad år. Å finna god og rett jord fyre kornet hev voret eit livstak. Då er det ikkje til å undrast på at norsk hev mange ord fyre *jordslag*. Det mest kjenda ordet i dag er nog *jordsmun*, men det er likt til å vera eit nytt lånord frå dansk (Falk og Torp, 1910–11 s. 476). Aasen hev berre *jordmun* med ei onnor tyding i ordboki si (1873). I staden hev me ord

som *jordbotn, jorddyrke, jordgjøde, jordkjøme, jordkynd, jordkynde* og *jordmerke*.

Ordi *botn, dyrke, gjøde* og *kjøme* duger ikkje til avløyсарord fyre *slag* utanfyre desse sambandi, men det hev seg annarleides med ordet *merke*. Likt med at ein myntar slær *slag* på mynti, set tilverkarar av ymsa andra varor eit *merke* på verki sine. Frå desse merki hev det vortet norsk kvardagsmål å tala um *merket* på klædet, gogni og fargreido. Folk spyr lika gjerna *Kvat bilmerke køyrer du?* som *Kvat slag bil hev du?* Radt som med *slag* kann ordet *merke* tyda 'gjerd, lag, hått' heilt ålment. Eitkvart er *av besta merket*, segjer me, sama um det er ei retteleg vara elder nokot tinglaust. Hadde det ikkje voret fyre at det tyska ordet *slag* kom inn i norsk, kunde det so snart ha hendt at det norska *merke* hadde fenget eit lika stort rom i norsk i dag.

## Gjerd, hått, lag og skap

*Slag* er eit ord fyre korso nokot er. Ein ting er av det elder det *slaget*. Attåt dei ordi som er nemnde i bolkarne ovanfyre, er det ei mengd ord på norsk med denne tydingi. Her skal eg lyfta fram fjore av deim. Er so me vil leggja brett på korso nokot ser ut, segjer me helst *gjerd* og *skap*. Ein ting er so elder so *på gjerd* elder *på skap*. I dag segjer mange det unorska ordet *type* i denne samanhengen. Ordsamband som «annen type hus» og «samme type hus» les me i norsk-danske lesestykkje. Men som eg las i ei gamal bok um Gudbrandsdalen, er det greidare å segja *onnor busgjerd* og *sama busgjerdi*. Samaleides stend det i eit gammalt stykkje um sunnmørsbåten at han «skilde seg frå alle andre båtskap, både nordanfor og sunnanfor». Her hadde dei fleste sagt *båttypar* elder *båtslag* no.

Når me vil halda fram den visi eitkvart ter seg på, segjer me helst *hått* og *lag*. Tvo lundar, du vil segja, kann ovra seg heilt ulikt. Ein kann vera kvik, ljøs og glad, men hin kann vera sein, døkk og syrgelag. Dei tvo lundarne er ulike *på lag*. I det gamla lagsbladet åt Studentmållaget i Oslo, *Heidrun*, var det einkvar i 1901 som skreiv at flogvituge hagemenner ikkje lagar hagverki sine upp atter. Men det hev seg annarleides med gudarne, for dei skapar dei same tingi på nytt og på nytt. Difyre må gudarne vera hagemenner *av ein annan hått*, skriv han. Lika eins ordlegg me oss når eit umskifte i vedret er å vange. Då er det myket vanlegt å tala um at det er ein annan *hått i vedret* elder annat *lag i vedret*. Dei norske ordi fyre *værtype* og *klima* er med di *vederhått* og *vederlag*.

## Ulikt og ymist

Ordet *slag* er ovlega hævt å hava når me vil draga fram at ting er ulike. Difyre skriv dei på norsk-dansk at «Vann finnes i tre slags tilstander» og at «Det snakkes mange slags språk i India». Men på norsk hev me eit godt ord som ber detta fram, og det er eit ord som ikkje finst på dansk: *ymis*. Då Marius Hægstad skreiv boki *Naturkundskab* um til norsk, skreiv han at «vatn syner seg i tri ymse tilstand», og då han skreiv um boki *Geografi*, skreiv han at «innbuarne [i Fram-India] snakkar mange ymse maal» (Reusch, 1892, 1895). Vil me på ålvora få fram at desse tingi er ulike, kann me likso godt skriva det rett fram: *Vatn syner seg i tri ulike tilstand* og *Ibuarne i India talar mange ulike mål*. Når me høyrer slika ordleggingar, er det ingen som saknar ordet *slag*.

## Mangleides og ymisleides

Frå namnordet *leid* hev det lagat seg eit medordsetterfeste *-leides* på norsk (Aasen, 1864 s. 242, 1873). I dei norske målføri hev detta etterfestet vortet eit lagordsfeste med, men den nøytslo jamnar Aasen burt og nemner det ikkje i ordboki si. Men det er radt i detta lagordsetterfestet me finn mange gode avløysarord fyre *slag*. Bygt på det som stend i bolkarne ovanfyre, kann me fyre norsk-dansk «mange slags båter» segja *ymse båtar*, *ulike båtar*, *båtar ymse på skap*, *manga båtgerder*, og so burtetter. Ei onnor ordleiding er å segja at *båtarne er mangleides på skap*, elder endå stuttare at *båtarne er mangleides*. I eit gamalt bladstykke um Inka-folket stend det at dei skreiv med togknutar «som er ymseleis på skap». I eit gamalt tilfang med innsenda fråsegner um smidyrket, skriv ein kar frå Lom på målføret sitt, og fortel at *smiune var rett mangleis*. Med di er *mangleides* og *ymisleides* gode avløysarord fyre *mange slags*. Men kvat då med *all slags*? Jau, som me skulde venta, det kann heita *alleides*. I boki si *Hamna-tjonet* skriv Jens Tvedt um «trifisor og nystetollar, alleleids på lét» (1889). Ei framifrå setning eg fann i Norsk Barneblad, læt «Steinane i bekken var så mangleis på skap og hadde ymse leter». Her er det ikkje torv til korkje «mange slags steinar» elder «manga slags fargar».

Dei røterne som er nemnda her, *all*, *mang* og *ymis*, må ikkje allstødt setjast i hop med *-leides*. Ei onnor gjerd å målbera det på er å setja roti beint på det det er eit elder mange «slag» av, og skipa eit lagord ut av det. Um nokot hev «all slags farger» elder «mange slags farger», kann me på norsk segja at det er *ållitat*, *manglitat* elder *ymislitat*. Eit næme på detta finn me i attergjevingi av stevleiken *Dei skjemtesame konorna*

i *Windsor* hans Shakespeare. På opphavsmålet stend det *flowers purple, blue and white*, og i den norska attergjevingi heiter det «ållitt blomeflor» (Shakespeare, 1933).

## Spyrjeord

Eit ordlag me høyrer ovlega ofta når einkvar vil vita gjerdi elder håtten på nokot, er *kvat slag* elder *kvat slags*. Folk spyr: *Kvat slags seng hev du kaupt deg?*, *Kvat slags mat et du helst?*, *Kvat slags bøker likar du å lesa?* På norsk treng me ikkje nokot «slag» her, for me kann berre setja spyrjeordet rett framanfyre namnordet: *Korso seng hev du kaupt deg?*, *Korso mat et du helst?* og *Korso bøker likar du å lesa?* Alle kjenner til denne ordleidingi frå austlendsk, der det jamnaste heiter *åssen*. Ho hev jamvel siget inn i det norsk-danska bokmålet, der me ender og då kann høyra folk spyrja *Hvordan bøker liker du å lese?* Det er eit norskt drag i bokmålet me røyner då. Det sama som er sagt um *korso* her, gjeld fyre spyrjeordet *korleides* au.

Jamvel um detta er god norsk, er det mange som ikkje likar å hava spyrjeordi *korleides* og *korso* i denne lagordsstodo i ein lester. Då kann dei taka til spyrjeordi *korvoren* og *korsovoren* i staden, sidan dei hev det kjenda lagordsfestet *-voren*. Ei framsyning av sovori nøystla finn me i storboki, der det i den fyrsta norska umsetjingi stend «korvori Tid». I den nyaste umsetjingi heiter det no «korleis den tida skulle vera». Både tvau er god norsk. Ordet *korsovoren* er nog nokot meir tidgjengt en *korvoren*, og me finn det millom annat i ei segnbok frå Vest-Telamork, der nokon spyr «Hosse vorne øksar vil du hava?».

I mange samanhengar kann me òg berre segja *kvat* elder *kvat for*. I staden fyre eit spursmål som *Kvat slags mat vil du hava?* er det greidare å segja *Kvat mat vil du hava?*, og med eit klandrande læte *Kvat slags mål er detta?* kann me segja *Kvat er no detta for mål?*

## Av sama slaget

Eit annat ordlag me ofta finn ordet *slag* i, er *av sama slaget*. Tvo ting som er like elder likjest einannan, er *av sama slaget*. Her au finn me ei rad norske ordlag. Me kann segja at dei er *like* elder *likjest*, som alt nemnt. Elles kann dei vera *av sama gjerdi* elder *av sama skapet*, som dryft ovanfyre. Dei kann òg vera *eins*, *lika eins*, *makne*, *sams*, *ser like*, og me kunde halda fram i sama leidi. Ein smule meir illåtande er det når me segjer at nokot er *av sama ullo*, *av sama velto* elder *ei sula av sama stikk*.

## Eit slag(s)

Som nemnt i fyremælingi kann *slag* brøyta og vika på ordet som stend etter, som i setningarne *Han er eit slag broder fyre meg* og *Ivar Aasen er eit slag gud*, elder med den nyare ordleggingi *ein slags broder*. Det me vil fram til i desse ordlagi, er at dei tvo tingi me held saman, ikkje er like, men at dei på eikor vis bærer attpå einannan. Det ordet som fær fram alt detta på norsk, er *som*: *Han er som ein broder fyre meg* og *Ivar Aasen er som ein gud*. Me kann leggja til *lik* elder *mest* og gjera det endå skillegare: *Han er liksom ein broder fyre meg*, *Ivar Aasen er mestsom ein gud*. Ordviket *å kalla* er òg høvt i manga slika samanlikningar. Som eg sjølv skreiv i eit annat stykke nylega: «Venås hev mållæra hans Lars Eskeland til sanningsvitne, å kalla». Her hadde dei på bokmål skrivet *Venås bruker Lars Eskelands grammatikk som et slags sannhetsvitne*.

Sumtid er den samanhaldingi me gjerer etlad til å få fram at nokot ikkje er lika godt som namnet lovar. Um einkvar segjer at han fekk *eit slag skeidmat etter middagen*, so ligg det under at skeidmaten ikkje var av den gjerdi me jamnaste ventar. Og radt det ordet kann me segja då: *gjerd*. Då Sigurd Kolsrud skreiv boki *Lærebok i oldtidens historie* um til norsk, gjorde han det norsk-danska «et slags offentlig fattigvæsen» til det norska «eit riksfatigstell paa gjerd» (Ræder, 1913). I den dansk-norska ordboki frå Steinar Schjøtt vert den danska setningi «Han var et slags dyrlæge» umsett med «Han var paa gjerd dyrlækjar» (Schjøtt, 1909).

Eit annat godt gamalt norskt ord er *læta*. Som Aasen tyder det ut, vert det sagt fyre «noget som neppe svarer til sit Navn». Fyre setningi vår kann me då segja at *me fekk ei læta til skeidmat etter middagen*. Schjøtt skriv i ordboki si at dansk «noget, der skulde forestille en baad» kann setjast um med «ei liti læta til baat» på norsk. Eit annat døme eg fann i eit næme av Fedraheimen frå 1883, er «glad er ho, berre ho ser Læta til Kar paa Garden». I denne tydingi er ordet mest vanlegt i sambandet *karlæta*. På ein ordbokslapp frå Rennebu finn me setningi *Det var berre ei karlæta heima*, med uttydingi «Berre eitt karmenne, og helst med den tydinga at han ikkje var *full kar* heller».

## Allslags

Sidstpå skal eg taka fyre meg ordlagi *allslags* og *alle slags*. Detta er ei myket vanleg ordlegging som me høyrer i setningar som *Han er ute i allslags veder* og *Han et allslags mat*. Her er det greidaste å berre segja *all* – me treng ikkje nokot ord *slag* i det heila: *Han er ute i alt veder* og

*Han et all mat.* Men som me såg i bolken «Mangleides og ymisleides», kann me òg skriva um *allslags* med fyrefestet *ål-* på eit lagord. Med di kann me fyre *Han et allslags mat* segja at han er *ålet*.

Ei heilt onnor ordleiding er det å nøyta ord som gjeng i tvibeite, og det er med på å gjera målsemndi myket meir livande. Um ein vil segja setningi «I denne butikken kan du finne alle slags varer» på god norsk, kann me gjera det med *I denne krambudi finn du både likt og ulikt*. Ordhjon som *likt og ulikt* hev me ei heil mengd av på norsk. Fyre *i allslags veder* kann me segja både *i veder og vind, i storm og stilla, i sol og regn, i veders og uveders*, og mangt annat. Det som sermerkjer desse ordbeiti, er at dei bled ut båda yttorna på målstocken, so at sambandet femner um alt som ligg i millom. Eg trur ikkje nokon hev sankat i hop alle soverne ordhjon på norsk, men eit nokolangt upptal finn me hjå Lie (1982).

Det sidsta ordet eg vil nemna her, er *allahanda*, som tyder det sama som *allslags* elder *all slags ting*. Detta ordet er kjent alt frå fyrstningi av 18-talet i ei ordbok frå Vest-Telamork, der det stend «*addæhaandæ* ‘allehaande Ting’». På ein ordbokslapp frå Voss stend det «*adlahandù*» med tydingi ‘ymse ulike ting’. I boki *Or gommol ti* på vossamål finn me setningi «Eg for kringum å arbaidde sko, dan ti eg va ùngù, å dao haur’eg no adla handù» (Bjørngaas, 1942). Aasen heldt detta ordet fyre å vera eit «nytt ord», men det er det liten grunn til å tru når me finn det i slike gamalvorne målføre, og når me veit at sama ordlaget fanst på gamalnorsk i *allra handa* (Heggstad, Hødnebø og Simensen, 2008). I dag segjer nog dei fleste *alt mogleg rart* her.

## Etterord

Detta stykket kunde lett ha haldet fram meir, men ein gong må det no verta ein ende au. Det norska målet hev ein rik ordsfatt som folk ikkje hagnytter til fulls, for det er so kvæmt fyre oss å gripa til dei ordi me alt kjenner frå norsk-dansk. Målet med detta stykket hev voret å lyfta fram sumt or denne ordsfatt som me sjeldan ser i blad og bøker no å dagom, so at andre kann hava gagn i det og vonlega byrja å nøyta desse ordi og ordlagi sjølve.



*Tilvisingar*

- Björgaas, Knut. 1942. *Or gommel ti. Tao Voss å Strond'ne*. Band 3. Voss: Voss mållag.
- Falk, H. S. og Alf Torp. 1910–11. *Norwegisch-dänisches etymologisches Wörterbuch. Auf Grund der Übersetzung von Dr. H. Davidsen neu bearbeitete deutsche Ausgabe mit Literaturnachweisen strittiger Etymologien sowie deutschem und altnordischem Wörterverzeichnis*. Germanische Bibliothek. I. Sammlung germanischer Elementar- und Handbücher. IV. Reihe: Wörterbücher 1. Heidelberg: Carl Winter's Universitätsbuchhandlung.
- Grimm, Jacob og Wilhelm Grimm. 1854–1954. *Deutsches Wörterbuch*. 16 band. Leipzig: S. Hirzel.
- Hegstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen. 2008. *Norrøn ordbok*. Gamalnorsk ordbok ved Hægstad og Torp. 5. utg. 3. opplaget 2015. Oslo: Det norske samlaget.
- Hellquist, Elof. 1948. *Svensk etymologisk ordbok*. 3. utg. Lund: C. W. K. Gleerup.
- Juul-Jensen, H. (styr.). 1919–56. *Ordbog over det danske sprog*. Verner Dahlerup grunnade. 28 band. Udgivet af det danske sprog- og litteraturselskab. København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- Liddell, Henry George og Robert Scott. 1996. *A Greek-English lexicon*. With a revised supplement. 9. utg. Revised and augmented throughout by Sir Henry Stuart Jones with the assistance of Roderick McKenzie and with the cooperation of many scholars. Oxford: Clarendon.
- Lie, Svein. 1982. Likt og ulikt om ditt og datt. Paratagmer med fast rekkefølge. *Maal og Minne* 3–4, s. 185–205.
- Reusch, Hans. 1892. *Naturkunna*. Nr. 2. Marius Hægstad sette um. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- 1895. *Ei liti landkunna elder geografi*. Marius Hægstad sette um. Kristiania: T. O. Brøgger.
- Ross, Hans. 1895. *Norsk Ordbog. Tillæg til „Norsk Ordbog“ af Ivar Aasen*. Christiania: Alb. Cammermeyers forlag.
- Ræder, A. 1913. *Soga um gamletidi. Lærebok aat gymnas*. Sigurd Kolsrud sette um. Utgjevi av Student-maallaget. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Schjøtt, S. 1909. *Dansk-norsk ordbog*. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- Shakespeare, William. 1933. *Skodespel*. Band 5: *Dei skjemtesame konune i Windsor plent som dé vil*. Henrik Rytter sette um. Oslo: Det norske samlaget.
- Torp, Alf. 1909. Gamalnorsk ordavleiding. *Gamalnorsk ordbok. Med nynorsk tyding*. Marius Hægstad og Alf Torp skreiv. Kristiania: Det norske samlaget (Landsmaalslaget), s. xxviii–lxxi.
- Tvedt, Jens. 1889. *Hamma-tjonet*. Bergen: Mons Litleré.
- Vidsteen, Chr. 1907. *Dansk-norsk Ordbog*. Lervik paa Stord; Vestlandske Maalkontor, Bergen.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.
- 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Omarbeidet og forøget Udgave af en ældre „Ordbog over det norske Folkesprog“. Christiania: P. T. Mallings Boghandel.
- 1875. *Heimsyn. Ei snøgg Umsjaaing yver Skapningen og Menneskja*. Tilmaatatd fyre Ungdomen. Kristiania: Det norske Samlaget.